

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

Informasjon til fornærma og dei nærmaste etterlatne

<p>Fornærma si stilling ved kravsmål om gjenopning av ei straffesak</p> <p>Etter straffeprosesslova er han/ho som er fornærma, eller dei nærmaste etterlatne som er nemnde i lova, gjevne ei styrka stilling ved kravsmål frå domfelte om gjenopning av ei straffesak. Dette inneber at fornærma/nærmeste etterlatne skal få informasjon og rett til innsyn i dokumenta knytt til saka. Dei skal også gjevast høve til å uttala seg i saka.</p> <p>I ein skilde alvorlege saker kan kommisjonen oppnemne advokat til hjelpe for fornærma/nærmeste etterlatne dersom det er ønskjeleg.</p> <p>Sjølv om ein fornærma/nærmeste etterlatne ikkje ønskjer å nyttar seg av rettane dei har etter lova, kan det hende at kommisjonen vil ta kontakt med fornærma/nærmeste etterlatne, til dømes for å få gjort eit vitneavhøyr.</p> <p>Objektiv vurdering</p> <p>Gjenopptakingskommisjonen er eit breitt samansett, uavhengig organ. Kommisjonen skal etter ei objektiv vurdering avgjera om vilkåra for gjenopning er til stades. Kommisjonen fastset sjøvl arbeidsmåten sin, og kan ikkje instruerast.</p> <p>Vilkår for gjenopning</p> <p>Dei viktigaste grunnane til at ein rettskraftig dom i ei straffesak skal kunne få ny handsaming i retten er:</p> <ul style="list-style-type: none">Nye prov eller omstende som kan vera eigna til å føra til frifinning eller gje ei mildare straff.Ein internasjonal domstol har slekt fast at avgjarda eller sakshandsaminga er i strid med folkeretten, slik at det er grunn for å rekna med at ei ny handsaming vil føra til eit anna resultat.Dersom nokon som har hatt ei sentral rolle i saka har gjort seg	<p>skuldig i ei straffbar handling som kan ha verka inn på avgjerdta.</p> <ul style="list-style-type: none">Det ligg føre særlege tilhøve som gjer det tvilsamt om domen er riktig, og tunge omsyn tilseier at saka blir prøvd på ny. <p>Grundig utgreiing</p> <p>Gjenopptakingskommisjonen har ansvar for at dei rettslege og faktiske sidene av saka blir grundig utgreidd. Kommisjonen kan henta inn opplysningar på den måten som han finn formålstenleg. Kommisjonen kan blant anna kalla inn dei sikta og vitne, mellom dei fornærma, til avhøyr, og han kan gje pålegg om utlevering og oppnemne sakkunnige.</p> <p>Kommisjonen har eit eige sekretariat med utgreiarar som kan granska sakene. Leiaren av kommisjonen kan avvisa eit kravsmål dersom avgjerdta frå domstolen har ein slik karakter at ho ikkje kan gjenopnast, og dersom kravsmålet ikkje kan færa fram. Dei andre sakene blir avgjort av kommisjonen.</p> <p>Rettane til dei fornærma</p> <p>Dersom kravsmålet blir handsama, skal fornærma/dei nærmaste etterlatne informerast om at det er kravd gjenopning. Som fornærma/nærmeste etterlatne har du:</p> <ul style="list-style-type: none">Som hovudregel rett til innsyn i straffesaksdokumenta.Rett til å gje skriftleg uttale til kravsmålet.Rett til å be om å få gje forklaring for kommisjonen.Som hovudregel rett til innsyn i dei opplysningane som kommisjonen har henta inn under utgreiinga si.Rett til å gje uttale til det materialet som er henta inn.Rett til å bli gjort kjent med resultatet av handsaminga i kommisjonen.
---	--

Kommisjonen for gjenopptaking av straffesaker

Gjenopptakingskommisjonen Gjenopptakingskommisjonen er eit uavhengig organ som skal ta stilling til om ein domfelt skal få ny handsaming av saka si i retten. Dersom saka blir vedteken gjenopna, skal skuldspørsmålet og/eller straffutmålinga prøvast på ny ved ein annan domstol enn den som gav domen.	<p>Leiaren blir utnemnt for ein periode på sju år utan rett til forlenging. Medlemmene blir oppnemnde for ein periode på tre år. Det er muleg å oppnemne medlemmene for ein ny periode.</p> <p>Medlemmene har til saman solid og brei røynsle frå domstolane, påtalemakta, forsvararyrket, forskingsmiljøet og elles frå samfunnslivet.</p>
Medlemmene i Gjenopptakingskommisjonen Kommisjonen er oppnemndt av Kongen i statsråd, og har fem faste medlemmer og tre varamedlemmer. Leiaren, nestleiaren og eitt av medlemmene skal ha juridisk embetseksamen.	Eigne utgreiarar I tillegg til leiaren har kommisjonen eit sekretariat på ti tilsette. Åtte er utgreiarar og to er kontortilsette. Seks av utgreiarane er juristar og to har politifagleg bakgrunn.

Aktuelle paragrafar i straffeprosesslova

§ 397 femte ledd.

Kommisjonen underretter fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge om begjæringen, med mindre den forkastes etter tredje ledd. Fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge skal gjøres kjent med sin rett til dokumentinnsyn, til å uttale seg og til å be om å avgjøre forklaring for kommisjonen, samt muligheten til å få oppnevnt bistandsadvokat.

§ 398 andre ledd

Fornærmede og etterlatte i lovbestemt rekkefølge skal gis anledning til å uttale seg skriftlig om begjæringen. Fornærmede og etterlatte kan be om å forklare seg for kommisjonen etter reglene i § 398 a.

Kontaktinformasjon

Postadresse: Postboks 2097 Vika, 0125 Oslo
Vitjingssadresse: Tordenskioldsgate 6
Telefon: 22 40 44 00
Telefaks: 22 40 44 01
E-post: post@gjenopptakelse.no
Internett: www.gjenopptakelse.no

Dersom du har spørsmål om rettane dine som fornærma (etterlatt), eller om sakshandsaminga, kan du ta kontakt med kommisjonen.